



Referat frå FAU-møte onsdag 01.03.17

- Kl. 19.00-21.00
- Personalrommet på barneskulen
- Vaflar! IF bakar. Andre må ta med syltetøy og rømme. Kven blir det i dag tru?
- Dersom du ikkje kan møte, må du be vara om å stille. Du må gje saklista til din vara.

KLASSEKONTAKTAR 2016-2017			
Klasse	Klassekontakt	FAU	Vara
1A	Gry Tengren	år1	Elin Bollandsås Moen
1B	Lisbeth Odden	år1	Lasse Lauvstad
2A+2B	Knut Inge Skoland	år2	Unni Bredesen, Kristin Aamot
3.	Kristin Kyrkjerud Vaa	år 2	Gunhild Tveiten, Kristin Midtbø
4.	Lise Halvorsen	år2	Irina telnes, Borgny Haugland
5A	Mona Mundal	år 1	Lisbeth Steinmoen Odden
5B	Bjørn Olav Eilefstjønn	år 1	Marit Prestholt, Guro Mariann Flatland
6.	Lasse Bastrup Nielsen	år 2	Torill Lie Aagaard, Britt-Kristin Gravalid
7A	Hege Waltermann	år 2	Else K. Eilefstjønn
7B	Bent Sveinsson	år 2	Alice Garvik

1. Godkjenning av innkallinga:

OK

2. Merknader til referatet frå 30.11.16:

OK

3. Udir-prøvene i 1.-3.kl i veke 11-14:

- Alle klassene skal ha prøve i lesing og rekning.
- 3.kl skal og ha prøve i engelsk.
- Prøvene gjev signal om det er elevar som har behov for ekstra tiltak. Heimen til dei elevane det ev gjeld, skal ha tilbakemelding. Det skal settast inn tiltak.

4. Elevundersøkinga 5.-7.trinn. Rektor gjev tilbakemelding:

- Elevundersøkinga er obligatorisk for 7.kl.

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

28.03.17

- Kvar haust tek vi elevundersøkinga 5.-7.trinn.
- Skala 1-5, der 5 er best
- Vi førebur elevane godt, slik at vi har ei felles fortsåing av spørsmåla. T.d.:
Trivst du på skulen?
- Nokre svar:
 - Trivst du på skulen? 4,4
 - Har du medelevar å vere saman med i friminutta? 4,7
 - Er du interessera i å lære på skulen? 4,3
 - Prioriterer du å bruke tid på skulearbeidet? 4,5
 - Heime viser dei interesse for det eg gjer på skulen: 4,6
 - Eg får god hjelp til leksene mine: 4,7
 - Heime forventar dei at eg gjer så godt eg kan på skulen: 4,9
 - Det er god arbeidsro i timane: 3,5
 - Elles er det stort sett svar på 4 og over 4.

***MOBBING:**

(nokre av resultatata)

- **Har du blitt mobba av andre eleavar på skulen dei siste månadene? 4,7**
- **Har du sjølv vore med å mobbe ein eller fleire elevar på skulen dei siste månadene? 4,9**
- **Vi ser at det er eit utslag på desse spørsmåla: Er du blitt mobba digitalt dei siste månadene? Her kjem resultatet fram som strek. Det betyr at det er mindre enn 5 elevar.**
- **Har du mobba andre digitalt dei siste månadene? 5**

På foreldremøte: Snakk saman/drøft nettvett.

5. *5-dagars veke for alle. Kort orientering:

- Frå hausten 2018 er det planen at 1.-4.trinn skal gå på skulen 5 dagar i veka.
- Elevane skal framleis ha 24 t/v. dette inneber at elevane skal på SFO fram til kl.1 3.50.
- Frå 13.50 er det SFO som før.

6. Innskriving 09.02.17.kl. 09.00-11.00 og førskule 01.06.17 kl. 09.00-12.00:

- 30 elevar
- 2 klasser i 2017-2018
- Kristin Sveinsson Momrak og Tone Lagesæter er kontaktlærarar.

7. Klassekontaktane har ordet:

- 1.kl: Byrjar å lese
- 2.kl: Fornøgde med at det er deling
- 3.kl: Går bra i klassa

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

28.03.17

- 4.kl: Har hatt foreldremøte. Vore litt uro i klassa. Det er satt inn tiltak, og det ser ut til å fungere betre. Flinke lærarar. Lise gav tilbakemelding om 17.mai og juletefest. Elevane er veldig nøgde med Salto.
- 5.kl: Foreldremøte 28.02. Helsesøster var på møtet og snakka om puberteten.
- 6.kl: Bra at Pia kjem tilbake måndag 06.03.17. Elevane gler seg til å bli fadrar. Spent på å bli fadrar
- 7.kl: Snapchat: Vore ufin snakk om kvarandre. Det blir jobba bra med saka. Positivt med åpen dag på USK. Leirskule i veke 17.

8. Bassenget: Kan bassenget vere oppe lengre? Svar frå kommunen

9. Innspel til budsjettet: Pengar til lærebøker 1.-4trinn:

- Svar frå kommunen
- Rektor orienterer om status
- FAU sender brev til kommunen om behov for innkjøp av Salto til 5.-7.trinn.
 - ✓ Salto 5.-7?
 - ✓ Rektor drøftar med personalet: Kva for norskbøker ynskjer vi? SALTO?
 - ✓ Rektor gjev Bent tilbakemelding
 - ✓ Bent sender innspel frå FAU til kommunen om behov for nye norskbøker til mellomtrinnet.

10. Skulen og FAU delar utgifter til lydmann på juletefesten: OK

11. *Heilhetsmetoden og leselogg:

Det er stor samanheng mellom resultatane på nasjonale prøver og grunnskulepoeng. Dei elevene som skårar bra på nasjonale prøver får i stor grad gode grunnskulepoeng, når dei går ut av 10.klasse.

Lesing er eit særdeles viktig verktøy, og derfor er det så viktig at elevane våre les bra, og at dei lærer seg gode og effektive lesestrategiar. For å bli ein funksjonell lesar må vi lese 5000 sider . (ref forskning). Da må det lesast!

Som de veit har vi fått nytt bibliotek på skulen.

Kvart klassetrinn har timeplanlagt ein bibliotektime i veka.

MÅL:

- Eleven les mykje fordi han har lyst
- Eleven les mykje fordi han veit at øving gjer meister.

Skulen har lag til rette for at elevane les 15 min kvar dag. Heime skal dei og lese 15 min kvar dag.

I leselogg kvitterar dei heime at jobben er gjort. Lærar kvitterar ein gong i veka.

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

28.03.17

Ofte kan ikkje dei minste elvane lese. Da er det viktig at føresette les saman med dei, ser på bilete, snakkar med barnet, undrar seg og reflekterer. På denne måte utvidar eleven ordforrådet. Lytte, snakke, lese og skrive er likeverdige komponentar i leseopplæringa.

Utover dette kan lærarane seie mykje meir om heilheitsmetoden, lesing og leselogg.

Nokre postulat:

- **Elevens læring er vårt felles ansvar!**
- **Lesing er nøkkelen til kunnskap.**
- **Hardt arbeid vinn over talent**
- **Høge forventinger skaper høge prestasjoner.**
- **Retttiltak til rett tid til rett elev fører til økt meistring**
- **Struktur og systematikk i vårt arbeid skaper tryggleik.**
- **Tydelege og samstemte vaksne skaper trygge elevar.**
- **Å dyrke det positive skaper gode vilkår for vekst.**

12. 17.mai:

- 7.kl er i gang med programmet
- Kven går med fana 17.mai? Knut Inge Skoland
- Duskbærer? IF, Lise

13. Sommarfest:

- onsdag 07.06.17
- på baksida som i fjor
- Kva vi kan bruke loddpengane til? Bøker til biblioteket

14. Dato for neste SU- møte:

- Tysdag 14.03.17 kl. 18.00-20.00

15. Dato for neste FAU-møte:

- 10.05.17 kl. 19.00-21.00

16. Eventuelt:

*Skulehage:

- Anne Gro Lønnesatd er Seljording, førskulelærer og agronom i økologisk landbruk.
- Ho fløt til bygda om eit par år.
- Ho ynskjer å lage ein hage i Seljord sentrum (sjå kart)
- Ho har fått kommunale midlar til forprosjekt. (sjå prospekt, som ligg i bokhylla i gangen utanfor personalrommet)
- I Seljord hage, skal det og vere ein skulehage (sjå kart)

SFO åpen i vinterferien:

- Gratis tilbod
- Mange elevar

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

28.03.17

- Mange spanande aktivitetar

Kjeldesortering:

- Kva med kildesortering i klasseromma? Rektor tek opp saka.

***Bruk av pc i skulen:**

- IKT er ein grunnleggande ferdighet i Kunnskapsløftet.
- Seljord kommune har ein IKT-plan vi skal jobbe etter. I planen er det ei IKT-trapp, som viser kva trinnet skal lære.
- IKT-planen skal reviderast.

7.kl: **Klatreparken** i siste veka. Fekk kr. 5000 til buss av kommunen.

Fadderordninga:

- ✓ Prosessen rundt det å velje kven dei skal ha som fadder.
 - ✓ Det blir stilt spørsmål om 6.nyttar ønskeliste.
 - ✓ Rektor drøftar metoden med personalet
 - ✓ Rektor gjev tilbakemelding i FAU i vår eller til hausten.
- Lys ved **fotgjengarovergangen** ved skulen: Lise etterspør status til teknisk sjef.

Punkt med*: Klassekontaktane har saka på neste foreldremøte.

Ingunn Flatland
01.03.17